

Fra: Hofseth, Torkel <fmsftmh@statsforvalteren.no>

Sendt: 26.07.2021 11:11:18

Til: Asbjørn Nagell Toft <asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no>, Post Austrheim
<post@austrheim.kommune.no>

Kopi: Steinsvåg, Magnus Johan <fmhomjs@statsforvalteren.no>

Emne: Uttale to landbruksvegsaker i Austrheim

Sak 1:

Austrheim på eigedom 131/36.

Kva er den landbruksfaglege nytta her?

Det er viktig å unngå inngrep i myr. Såleis må veglinja justerast noko ved myrområda sørvest for Kråkesåta.

Bekken som renn frå Vestrestjørna er mest truleg anadrom, og der må ein derfor kryssa bekken over eksisterande kryssing/bru. Dersom det skal gjerast inngrep i bekken er desse søknadspliktig etter Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag § 1.

Sak 2:

Gbnr 131/6 på Fønnes: Føremålet er oppgeve å vera jordbruk i form av foringsplass for sau (90%) og veg til naust (10%). Er dette reellt? Vi meiner at veg til naust skal behandlast etter plan- og bygningslov.

Omfattar også tiltaket dumping av overskotsmassar på myr? Det er i do fall utanfor landbruksvegforskrifta.

Store delar av tiltaksområdet er innafør areal markert som «Geologisk Arv».

Vi ber om å få kopi av vedtaka i sakene.

Helsing

Torkel Hofseth
Fylkesskogmeister